

Rettleiing til søknad om innovasjons- og utviklingstilskott for 2020

Søknadsfrist: måndag 20. januar 2020.

Målet med innovasjons- og utviklingsstøtta er å styrke mediemangfaldet og den opplyste offentlege samtalen ved å gjere det lettare for nyheits- og aktualitetsmedium med avgrensa midlar til å digitalisere og drive innovasjon. Ordninga skal særleg stimulere til redaksjonell, innhaldsretta innovasjon og utvikling i små, lokale nyheits- og aktualitetsmedium.

Du kan søke om tilskott til innovasjons- og utviklingsprosjekt som

- utviklar redaksjonelt innhald
- utviklar eller implementerer nye løysingar for produksjon, publisering, spreing eller konsum av redaksjonelt innhald
- forprosjekt

Digitalisering og omstilling

I samband med endringar i postlova har regjeringa i ein overgangsperiode auka innovasjons- og utviklingstilskottet med ti millionar kroner for å bidra til digitalisering. Ordninga er retta mot aviser som særleg blir ramma av endringane med færre omdelingsdagar.

I fordelinga av midlar vil Medietilsynet prioritere:

- lokale samarbeidstiltak som gjer at midlane kommer flest mogleg til nytte
- tiltak som gjer at avisene blir mindre avhengige av papir (utviklar metodar for å nå brukarane på digitale måtar)
- prosjekt frå aviser som har ein stor del av økonomien knytt til papirutgiving og som har ein stor del av papiroplaget distribuert utanfor tette busette område

Tenester retta mot personar med funksjonsnedsetjingar

Visjonen til regjeringa er eit samfunn der alle menneska kan delta og ha moglegheit til å bidra i samfunnet. Politikken for menneske med funksjonsnedsetjing skal bygge på likestilling og likeverd, sjølvstyring, medverknad, deltaking og inkludering. Inkludering og likestilling av personar med funksjonsnedsetjing er ein føresetnad for eit berekraftig velferdssamfunn og for at den einskilde skal kunne leve frie og sjølvstendige liv. Medietilsynet vil prioritere prosjekt som er retta mot tenester for personar med funksjonsnedsetjingar.

Prosjekt retta mot særlege grupper som innvandrarar og språklege minoritetar

For tilskottsåret 2020 vil innovasjonsordninga i større grad rette seg mot særlege grupper som innvandrarar og språklege minoritetar.

Prosjektskildring

Søkar må utarbeide ein prosjektomtale som følger søknaden. Prosjektomtalen må ikkje overstige ti sider og må minimum innehalde følgande opplysningar:

- a) Ein detaljert skildring av prosjektet, medrekna ei punktliste med konkrete tiltak
- b) Ei detaljert skildring av prosjektet, medrekna ei punktliste med konkrete tiltak som skal gjerast (resultatmål). Skildringa må også innehalde eit spesifisert budsjett for det enkelte resultatmål og eit totalbudsjett. Husk at støtta blir avgrensa til 40, eventuelt 50, prosent av prosjektkostnadene, jf. forskrift om innovasjons- og utviklingstilskot til nyheits- og aktualitetsmedium § 6.
- c) Korleis prosjektet bidrar til å fremme mediemangfald og ein offentleg opplyst samtale.
- d) Dei antatte samfunnsverknadene til prosjektet ut over verdien søkaren/søkarane har for prosjektet.